

Møtebok 2 – 24 for Moster Sokneråd tysdag 13.februar 18

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Elisabeth Jacobsen, Solveig Eikeland, Gerda Bondø, Elisabeth Gjøsæther Løkling, Arthur Anglevik

Fråverande: Rune Sivertsen og Nils Otto Espeland

Sak 12 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 16.01.2024 og innkalling

Vedtak: Møtebok er godkjent. Innkallinga er godkjent med ei sak på ymse og nokre saker på innkallinga som måtte utsettast.

Sak 13 – 2024 Oppfylging av tidlegare saker

***Registrering av nytt sokneråd og overføring av mynde til ny kasserar.**

Kvar står saka?

Registrering av nytt sokneråd er gjort.

Overføring av mynde til ny kasserer er gjort.

Vedtak sist møte: Kasserer må få nøkkel til Moster kyrkje. Kasserer får eit minibankkort knytt til soknerådet sin brukskonto. Leiar får tilgang til nettbanken.

Dette vert følgt opp av kasserar.

Dei tre neste punkta vert følgd opp, men informasjon må utsettast til neste møte.

*Folk utanom soknerådet til ulike komitear. Me går gjennom kven som har svara kva

*Kontaktperson for transport og overnatting i samband med 1000-årsmarkeringa.

*Kandidatar til klokkestillinga

***Evaluering av temakveld 8.februar**

Gode tilbakemeldingar frå dei som var tilstades.

Sak 14 – 2024 150-årsjubileum: Borna sin bursdagsfest og konsert med prosjektkor. AU orienterar.

Vedtak: Barnefeiring går av stabelen laurdag 30.november kl.11:00 til 14:00. Kyrkjelydspedagog og trusopplæringsutval har ansvaret. Konsert med prosjektkor går av stabelen ettermiddag/kveld 30.november.

Sak 15 – 2024 Årsmøte og årsmelding

Me går gjennom årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga er gjennomgått og godkjent, etter at det er gjort nokre endringar. Rekneskap og budsjett vert teke med.

Sak 16 – 2024 Neste temakveld 7.mars med professor Per Magne Aadnanes. Datoen er endra til 14.mars.

Vi fordeler oppgåver.

Vedtak: Saka utsett til neste soknerådsmøte

Sak 17 – 2024 Referat og meldingar

Frå samrådsmøte med bedehusa

Referat er sendt ut.

Desse andre meldingane vert utsett til neste møte:

Programkomite for 150-årsfeiringa

Orgelkomiteen.

Trusopplæringsutvalet.

Kyrkjemusikalsk utval.

Diakoniutvalet.

Estlandskomiteen.

Felleskristen komité 1000 år.

Fellesråd og administrasjon.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Sak 18 – 2024

Val av kontaktperson til Kirkens nødhjelp.

Vedtak: Elisabeth og Elisabeth samarbeider om dette. Elisabeth Gjøsæther Løkling bestiller materiell. Elisabeth Jacobsen stiller i Salem tysdag 19.mars .

Sak 19 – 2024

Kommentar frå samrådsmøte 23.01.24 i Håvik bedehus. Møtet kommenterte endringar i preikelista sin faste rutine mellom gudsteneste i Moster kyrkje kvar 14. dag. Dette rutinen har bedehusa halde seg til og organiserte møta etter dette. Ved endringar vart dette vanskeleg og rotete. Samrådsmøtet bad Moster sokneråd å fylgja opp saka. Kommentar til dette er forfatta og lagt fram for AU som vil senda det vidare til Kyrjekontoret. Referert på møtet.

Vedtak: Soknerådet sender dette vidare til Kyrjekontoret.